



Andre Hammer

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/2286 - 17/14508

Saksbehandlar:  
Einar Færø  
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:  
23.11.2017

## Gbnr 25/81 Bøvågen - dispensasjon frå avstandskravet mot veg

Delegasjonssak nr.: 273/2017

Me viser til dykkar søknad om tilbygg til bustad. Tiltaket krev dispensasjon frå avstandskravet mot veg.

Det fylgjer av pbl §29-4 første ledd andre punktum at kommunane skal påsjå at veglovas bestemmelser om byggjegrense og frisikt vert følgd. I dette ligg det at før kommunen gjev tillatelse til byggverket sin plassering må kommunen sjå til at løyve ikkje vil vera i strid med veglova sine bestemmelser. Pbl § 29 – 4 gjev altså kommunen heimel til å avslå søknaden dersom vegmynda ikkje gjev tillatelse etter veglova.

Tiltakert det her vert sett om ligg til ein mindre trafikkert kommunal veg. Området er regulert, men det er ikkje sett byggjegrense mot veg og avstanden til vegmidte skal difor vera 15 meter som bestemt i veglova § 29, andre ledd.

Plasseringa av tiltaket vil på det nærmeste få ein avstand til vegmidte på 7 meter.

Kommunen vurderer likevel tiltaket til ikkje å vera til hinder for frisikta. Vurderinga er også gjort på bakgrunn av mellom anna trafikkmengde og type trafikk. Det er også mange andre tiltak i området som har tilsvarende plassering i høve til vegmidte.

Vegmynda godkjenner difor plassering av tiltaket slik omsøkt.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontaktleiar teknisk drift Einar Færø

Med helsing

Einar Færø

Einar Færø

Leiar teknisk drift

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Leiar teknisk drift

**Mottakere:**

Andre Hammer